DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjelydane i Sveio

# MØTEBOK/REFERAT SVEIO SOKNERÅD

| | |
|---|---|
| Dato: | 13.11.2024 kl.17.30 |
| Desse møtte: | Rune Hjelmeseter, Solfrid Lier Habbestad, Bente Hovland Johannesen, Leiv Rossehaug, Sigrund Breistig, Lars Severin Reiersen, Rikard Stokkenes, Arild Steinsland |
| Fråvær: | Hildur Larsen, Kjell Gunnar Nymark, Lars Edvart Larsen, Anne Vierdal, Astrid Yasmin Furdal, Rikard Stokkenes |
| Referent: | Solfrid Lier Habbestad |

Arild Steinsland hadde ord for dagen før handsaming av sakene starta.

| | |
|---|---|
| SR 102/24 | **Opprop, godkjenning av innkalling og dagsorden**<br>Opprop blei gjennomført.<br>Merknader til innkalling: Ingen<br><br>Følgjande saker blir meldt til eventuelt (sak 108/24):<br>1) Utlysingstekst for stilling som sokneprest i Valestrand og Førde sokn<br>2) Høyringa "Biskopens tilsyn" - forslag om svar frå Sveio sokneråd<br>3) Høyringa "Regulering av styringstenesta i DnK" - forslag om svar frå Sveio sokneråd<br>4) Julekonsert<br>5) Oppussing av dåpssakristiet<br><br>**Vedtak:**<br>Innkalling og sakliste blei godkjent. Saker som blei meldt over, blir handsama under eventuelt i sak 108/24. |
| SR 103/24 | **Godkjenning av møtebok/referat frå møtet 17.10.24**<br><br>**Vedtak:**<br>Referatet frå møtet 17.10 24 blei godkjent. |
| SR 104/24 | **Val av ny representant til Kyrkjeleg fellesråd for 2025**<br><br>Frå innkallinga:<br>***«Bakgrunn:***<br>*Leiarfunksjonen av Kyrkjeleg fellesråd går på omgang mellom Førde/Valestrand og Sveio sokneråd sine representantar for eitt år om gongen. Leiar og nestleiar skal veljast kvart år innan 1. januar. På siste møte i fellesrådet vart val av ny leiar utsett, då ingen av representantane frå Sveio sokneråd såg seg mon til å ta på seg denne funksjonen no.*<br><br>*På sist møte i soknerådet valde soknerådet Sigrund Breistig (tidlegare 2. vara) som ny representant til erstatning for Rune Hjelmeseter, som gjekk ut av fellesrådet for å bli ny leiar av soknerådet. Anne Vierdal gjekk inn som ny 2. vara. Frå før av er Astrid Jasmin Furdal medlem og Kjell Gunnar Nymark 1. vara frå Sveio sokneråd.»*<br><br>**Vedtak:**<br>Solfrid Lier Habbestad blir nytt medlem i fellesrådet for eitt år. Sigrun Breistig overtar sekretærfunksjonen i Sveio sokneråd medan Solfrid er i fellesrådet. |

| | |
|---|---|
| SR 105/24 | **Juletrefest-ansvar og oppgåver**<br><br>Frå innkallinga: «*Kyrkjelyden har som tradisjon å invitere til juletrefest på Soknehuset i januar, i tilknyting til Heilage 3 kongars dag trettende dag jul (6. januar) ---Soknerådet må fastsette dato og tid, setje ned ein komité og gå gjennom oppgåver som må gjerast på førehand.*»<br><br>**Vedtak:**<br>Juletrefesten blir arrangert søndag 5. januar kl.16.00-17.30<br>Følgjande medlemmer i soknerådet er med i komiteen for festen:<br>Rune, Sigrun, Bente og Lars.<br><br>Leiv spelar til julesongane. Soknerådsmedlemmene stiller med kaffemat (rester etter jula). Bente kallar inn komiteen til møte.<br>Solfrid tar kontakt med Tiril og sjekkar om det kan vera aktuelt at barnekoret er med. |
| SR 106/24 | **Gudstenester sidan sist (orientering)** |

| | Prest | Kv.gr | Kommentar |
|---|---|---|---|
| 20.10 | R.Drønen | 3 | Kyrkjekaffi i kyrkja. |
| 27.10 | AS | 4 | Utdeling av bok til 4-og 6-åringar og ei gåve til 5-åringane. Dåp av fire konfirmantar før gudtenesta.Påfølgjande kyrkjelydsbasar. Svært god oppslutnad om gudsteneste og basar. Flott dag |
| 3.11 | AS | 5 | Allehelgensdag. Godt frammøte |
| 10.11 | Vikar | 6 | Konfirmantpresentasjon. Mykje folk i kyrkja denne dagen. |

**Gudstenester fram til neste møte:**

| | Prest | Kv.gr | Kommentar |
|---|---|---|---|
| 24.11 | Vikar | 2 | |
| 1.12 | Vikar | 3 | Lysmesse |

| | |
|---|---|
| SR 107/24 | **Møte i utvala sidan førre møte (orientering).**<br>Saka blei ikkje handsama som følgje av mangel på møtetid.<br><br>**Fellesrådet:**<br>**Kyrkjevertgr:**<br>**Trusopplæring**:<br>**Diakoniutvalet:** |
| SR 108/24 | **Eventuelt** (Saker som blei meldt i sak SR 102/24):<br><br>1) Utlysingstekst for stilling som sokneprest i Valestrand og Førde sokn<br>2) Høyringa "Biskopens tilsyn" - forslag om svar frå Sveio sokneråd<br>3) Høyringa "Regulering av styringstenesta i DnK" - forslag om svar frå Sveio sokneråd<br><br>Arild gjekk nærare gjennom dokumenta. Alle var sendt ut på førehand. Til utlysingstekst for stilling som sokneprest var det kun nokre få merknader til faktaopplysningar i teksten.<br><br>Sveio sokneråd avgjorde kva svar som skulle sendast inn i høyringane. Arild sender svaret som blei avgitt i SR. |

| | |
|---|---|
| | 4) Julekonsert i Sveio kl 16.30. Solfrid snakkar med Ad lib og barnekoret, Sigrun med Sveio skulekorps, Leiv finn salmar. Arild tar leiaransvar under konserten. Annonsering Arild.<br>5) Oppussing av dåpssakristiet Blir utsett til neste gong.<br><br>Arild sin siste gudsteneste er 15.12 og han inviterer soknerådet til å vera med. |
| SR 109/24 | **Møtekritikk:** Ingen merknader |

Arild leia møtelyden i velsigning som avslutning på møtet.

Sveio, 17.11. 2024

Solfrid Lier Habbestad
-sekretær-